

Amalia Høydal
Tveitevegen 40
5966 Eivindvik

Dato	11.03.2022
Vår referanse	2022/4735-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Løyve på vilkår - utvida bruk av avkøyrslø - fv. 565 Slettevegen - gnr 465 bnr 11 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 20.07.2021 og situasjonskart motteke 23.02.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslø for å kunne oppføre ny bustad på eigedomen.

Vedtak


Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 565 Slettevegen til eigedom gnr. 465 bnr. 11 i Alver kommune.

Avkøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslø fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med plassering i kartet under og revidert teikning, motteke 23.02.2022. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.



2. Løyvet gjeld utvida bruk for ein bustad.

3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløp, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsløp*.
6. Det ligg ein kum til venstre for avkøyrsløpspunktet. Denne må takast omsyn til ved utbetring av avkøyrsløpspunktet.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
8. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsløp* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsløp* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløp frå.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 1600. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «streng» jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier at godkjenning til utvida bruk av avkøyrsløp bør avgrensast.

Slik avkøyrsløp ligg i dag kan vi ikkje godkjenne for utvida bruk på grunn av dårleg utforming.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi eit løyve på vilkår, som vil sei at det må gjerast utbetringar av avkøyrsløp i samsvar med teikninga som er sendt inn og prinsippskissa for at vi kan gje eit endeleg løyve til utvida bruk.

Vi meiner at ei utbetring av avkøyrsløp vil forbetre forholda på staden og gjere ho meir trafikksikker, som vi er positive til. Ta kontakt med sakshandsamar for endeleg godkjenning av avkøyrsløp.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Kart 23022022.pdf

Kopi til:


ALVER KOMMUNE

Postboks 4

Vedlegg: prinsippskisse

Krav til utforming av avkøyrsløse


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på teikninga må gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av omsyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkøyrsløse :



Krav til lengdeprofil for avkøyrsløse/tilkomstveg:



Fv: 565 Slettevegen S2 D1 Km 5315 Stad: Alver kommune Saksnr: 2022/4735

Vedlegg: melding om opparbeiding av avkøyrslø

Vestland fylkeskommune sitt saksnummer: 2022/4735

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fylkesveg 565 Slettevegen, S2D1 m 5315, gnr 465 bnr 11 i Alver kommune er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 11.03.2022.

.....
Sted/dato

underskrift søkar/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN